

RUTINAR FOR BEKYMRRINGSFASE

TILPASSING OG TILRETTELEGGING AV DET ORDINÆRE TILBODET OG EVENTUELL TILVISING TIL PPT FOR SAKKUNNIG VURDERING

Det er viktig med god kontakt med føresette gjennom heile prosessen!¹



¹ Opplæringslova **§ 10-3 Samarbeid med foreldra**. Skolen skal samarbeide med foreldra om opplæringa til eleven.

² Opplæringslova **§ 11-1 Tilpassa opplæring**. Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at opplæringa er tilpassa, det vil seie at elevane får eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa uavhengig av føresetnader, og at alle skal få utnytta og utvikla evnene sine. [...]

³ Opplæringslova **§ 11-2 Tilfredsstillande utbytte av opplæringa**. Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at lærarane følgjer med på utviklinga til elevane og melder frå til rektor dersom det er tvil om at ein elev har tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Om det må til, skal skolen setje i verk eigna tiltak, jf. §§ 11-1 og 11-3. Skolen skal vurdere om tiltaka er nok til å gi eleven eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa, eller om eleven kan trenge individuell tilrettelegging etter reglane i §§ 11-4, 11-5 og 11-6.

⁴ Opplæringslova **§ 11-3 Intensiv opplæring på 1. til 4. trinn**. På 1. til 4. trinn skal kommunen sørge for at elevar som står i fare for ikkje å ha forventet progresjon i lesing, skriving eller rekning, raskt får eigna intensiv opplæring. Dersom det er best for eleven, kan den intensive opplæringa i ein kort periode givast som eineundervisning.

⁵ Opplæringslova **§ 11-6 Individuelt tilrettelagd opplæring**. Elevar har rett til individuelt tilrettelagd opplæring dersom dei treng det for å få tilfredsstillande utbytte av opplæringa. I vurderinga av kva for opplæringstilbod som skal givast, skal det særleg leggjast vekt på utviklingsutsiktene til eleven. Opplæringstilbodet skal utformast slik at det samla kan gi eleven tilfredsstillande utbytte av opplæringa samanlikna med andre elevar og i tråd med dei opplæringsmåla som er realistiske for eleven.

⁶ Opplæringslova **§ 11-7.Vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring og krav om sakkunnig vurdering**

Før kommunen eller fylkeskommunen avgjer om ein elev har krav på individuelt tilrettelagd opplæring, skal dei hente inn ei sakkunnig vurdering frå den pedagogisk-psykologiske tenesta. Den pedagogisk-psykologiske tenesta skal ta stilling til om eleven treng individuelt tilrettelagd opplæring. Dersom eleven også treng personleg assistanse eller fysisk tilrettelegging etter §§ 11-4 og 11-5, skal den sakkunnige vurderinga gi ei heilskapleg vurdering av kva for tilrettelegging eleven treng. [...]

⁷ Opplæringslova **§ 11-8 Kva den sakkunnige vurderinga skal innehalde**

I ei sakkunnig vurdering skal den pedagogisk-psykologiske tenesta alltid greie ut om

- eleven sitt utbytte av opplæringa
- kvifor eleven eventuelt ikkje har, eller ikkje kan få, tilfredsstillande utbytte av opplæringa
- kva som er realistiske opplæringsmål for eleven
- kva tiltak som kan gi eleven eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa
- kva kompetanse dei som skal gi opplæringa, bør ha, dersom det skal gjerast unntak frå kompetansekrava etter § 11-9 andre eller tredje ledd